


ລັດຖະບານໂທທຸລະ ອະ  
ເຮັດວຽກ ຮອ  
ບອນລ ຜຣະດ  
ເຮົາຫ້າໂປສວົກ



1997

# ÅRSMELDING 1997

## INNLEIING

1997 vart eit svært innhaldsrikt år (på godt og vondt) i VØR. Vi kom endeleg i gang med bygging av den lenge planlagde sorteringshallen, vi opplevde brann i Alida og vi fekk svært mykje offentleg fokusering rundt ei lei personalsak. Trass dette så vart 1997 eit forholdsvis bra arbeidsår, men ein del uforutsette kostnader førte til at økonomien i selskapet vart sett på prøve.

## AKTIVITETEN I VØR

### HUSHALDNINGS- OG FORRETNINGSAVFALL

Innsamlinga av avfall frå hushaldningane og næringsdrivande har gått svært bra. Vi har stadig auke i levert mengde, men trass stor aktivitet, der vi kører snart alle småvegar i begge kommunar, så har vi gått nærmast skadefri gjennom året. Det har vore lite endring i rutinene i innsamlinga, der vi framleis nyttar ein todelt bil til innsamling av papiret. Reint økonomisk er dette ein god ordning, men ein må sjå nærmare på tidsbruken med tanke på den overtida ein har på desse papirrutene. Dagane for dei tilsette er vanskelege å planleggje, då t.d. vær og vind kan skape veldig mykje ekstraarbeid når "blåsekane" skal leggast tilbake og sikrast. I fellesmøte hausten 97 vart ein samde om å sjå nærmare på kva som kan gjerast for å redusere overtida på papirinnsamlinga.

Når det gjeld forretningar så arbeider vi framleis med å få flest mogleg til å nytte dunkar. Spesielt gjeld dette institusjonar som har mykje tungt kjøkken- og sanitæravfall.

### PAPP OG PAPIR

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går stort sett greitt. Tømming av papirsekker er tungt arbeid, og vi må sjå på løysingar der vi slepp å stå og riste sekkane tomme. Eit alternativ er å nytte papirsekker (12 stk pr husstand pr år), men dette vil føre til ein årleg kostnad på ca. 120.000,- kroner i ekstra sekkeinkkjøp. Spørsmålet vert då om det å nytte papireskkar kan redusere bruken av overtid, og dermed sparte kostnader. Dette må vurderast nærmare, og kanskje i samband med avfallsplanarbeidet.

Vi har framleis eit samarbeid med Norsk Gjenvinning Sunnmøre der vi kører inn papp og papir frå dei fleste næringar i Ørsta og . Dette samarbeidet har vore noko turbulent, då NGS har påstått at VØR øydelegg for deira "varemerke". Dette er noko vi tek sterkt avstand frå, og det har vi gitt klar tilbakemelding om. NGS fekk ny leiing i 97, og samarbeidsklimaet er no eit heilt anna.

VØR har skrive ein fastpriskontrakt med NGS på denne inntransporten. Denne baserer seg på at vi nyttar vanleg renovasjonsbil i innsamlinga, men vogntog frå omlastinga i Hovdebygda og til mottakar. På den måten kører vi 12-16 tonn pr tur i staden for 4-5 tonn som vi fekk i våre eigne bilar.

Når det gjeld mengder syner eg til eige kapittel.

## GLASINNSAMLING

Vi har ikkje auka talet på oppsamlingsseiningar i 1997. Dersom dette vart gjort ville vi nok ha fått inn noko meir glas, men dette er eit reknestykke opp mot kostnader på inntransporten.

Alt glas går til Norsk Returglass i Moss, og vi har fått godkjent alt vi levert bortsett frå ein konteinar med farga glas som kom i retur. Dette skuldast at det vart nytta hjullastar / sorteringsmaskin til å laste om glaset med, og dette førte til for mykje Stein i lasset (dette er ikkje noko problem lenger etter at ein fekk sorteringshallen på plass).

## KVITEVARER

Nye forskrifter for kjølemøblar førte til omlegging av rutinene for desse. Tidlegare har alle kjølemøblar gått saman med resten av kvitevarene til Vartdal gjenvinning for pressing saman med bilvrak.

Endringa i forskriftene resulterte i at vi halve året leverte kjølemøblar til Norsk Gjenvinning Sunnmøre. Dei tek ein pris på 309,- kroner pr stk, og dette førte til ein god del ekstra kostnader som ikkje var budsjetterte i 1997. (For 1998 ligg desse kostnadene inne som ein del av hushaldningsgebyret)

Vi må arbeide vidare med å få til eit meir permanent mottak i form av ein lukka konteinar eller liknande, der vi kan mellomlagre kjølemøblane. Det er stipulert om lag 600 stk i 1998.

## GROVAVFALL

VØR handtarte svært mykje grovavfall i 1997. Det meste vart sortert ute på området, og kombinert med fri levering vart dette ei svært arbeidskrevjande ordning. Det vart levert avfall kvar dag i veka og til alle tider på døgnet. Like mange var her å leita, og kombinasjonen av dette førte til at området mot Ørsta dverre såg ut som ei slagmark mykje av året.

Bygginga av det lenge planlagde sorteringsanlegget kom i gang på sommaren, og all anleggssdrift i tillegg gjorde ikkje forholda betre. Vi fekk i april / mai levert ein ny 13-tonns beltemaskin med klo på, og ein hjullastar. Dette er svært effektive maskiner, som er ei forutsetning for å kunne grovsortere avfallet og handtere store konteinarar.

Løysingane på grovavfallet vart altså svært provisoriske i 1997, og dermed kostbar drift.

Trass dette så har publikum teke vel imot det å kunne levere fritt, og vi har oppnått det vi ynskte: vi har fått snudd avfallsstraumen frå Alida til Hovdebygda.

Sorteringshallen stod ferdig på nyåret 1998, og er ei sak for neste års årsmelding. Ein må likevel nemne at hallen er ein aldri så liten revolusjon for VØR, og han er godt motteken av publikum. Dverre så vart tomtekostnadene vesentleg større enn budsjettet, og vi må til kommunane for å få auka investeringsrammene.

Drifta av Alida gjekk på dispensasjon dette året. Pga at sorteringsstasjonen vart noko forseinka, fekk vi utvida denne dispensasjonen til å gjelde ut februar månad 1998.

Den store hendinga i Alida i år var at det tok fyr i fyllinga i fellesferien. Mest truleg var det sjølvtenning i trevirke som starta brannen, og det heile utvikla seg til å bli ein storbrann med spreieing til fjellsida ovanfor. Brannvernet både i Ørsta og Volda var på plass med alt disponibelt utstyr, og i tillegg

kom sivilforsvaret med pumper og mannskap.  
Det vart rekvirert helikopter for å sløkke lyngbrannen i fjellsida, men pga stor røykutvikling frå fyllinga så vart det problematisk å sløkke. I fylgje piloten så var dette det verste terrenget han hadde sløkt i.

I løpet av den første natta vart det pumpa inn nær 2 m<sup>3</sup> vatn pr minutt. Dette hadde svært liten effekt direkte, for vatnet rann av fyllinga utan å trenge ned til flammane. Vatnen samla seg etterkvart i ein liten innsjø, og det som "berga" oss var at firmaet Aurstad på kort varsel stilte med ein 30-tonn stor gravemaskin. Denne maskinen grov seg inn frå enden av fyllinga og auste vatn over brennande tre og stål.  
I tillegg til dette var vår eigen hjullastar i aktivitet heile natta med å legge masse over fyllinga for å dempe stikkflammar og spreiling.

Eit nytt problem oppstod då det tok fyr i fleire hundre dekk, og for å gjere ei lang historie kort så brann det i desse dekka i tre månader, for så å sjå sløkt ut i to månader. På nyåret var det på ny varmeutvikling, men då frå fyllinga under dekka, og pr i dag (13.4.98) har vi framleis mistanke om at det er varme nede i den eldste delen av fyllinga.

Heile operasjonen med maskinleige, ettersløkking, vaktberedskap og i tillegg levering av grovavfall til Ålesund i perioden det var aktiv brann, vart svært kostbart for VØR. Dette er hovudårsaka til at vi ikkje klarte det budsjetterte resultatet for 1997. Meir om dette i kommentaren til rekneskapen.

Vi fekk før jul bora eit hol gjennom vegen for å sikre drenering frå hola. Etter bruken av Alida, og korleis slutte av fyllinga må no drøftast.

Etter oppmøding frå kommunane har vi teke kontakt med Enøksentert i Ørsta for vurdering om mogleg bruk av biobrensel i Ørsta og Volda. Trevirke frå grovavfallet og skogbruk kan kanskje nyttast til brensel i industrien, og det har meldt seg bedrifter som er villege til å erstatte olje med flis dersom ein finn det økonomisk gjennomførbart. Ein reknar med konklusjon i prosjektet før ferien 98.

## MATAVFAELL

Utnytting av det våtorganiske avfallet er framleis ei stor utfordring. Prosjektet som vi har gjennomført, der vi vurderte ei anaerob løysing, ligg framleis på is.  
Det har vore drøfta på fylkesplan om å utvide forbrenningsanlegget i Ålesund til å dekke heile fylket, og då fortsette å brenne matavfallet. Konklusjonen her vart at kommunane i Romsdal og Nordmøre ikkje er interesert i ei slik løysing.  
VØR har ikkje problemet med matavfall på fylling, og anlegget i Ålesund reinsar godt.  
Det som ein bør drøfte vidare er om det er ynskjeleg politikk å brenne den resursen matavfallet kan vere ved rett handsaming.

Når det gjeld matavfall frå storhushald så har Ålesund forbrenningsanlegg fått forbod mot å brenne dette så snart som det er innarbeidd ei innsamlingsordning på Sunnmøre.  
Det har vore arbeidd ein del med dette i ei arbeidsgruppe oppnemnt av Fylkesmannen, og førebels konklusjon der er at Ålesund kommune prøver ei ordning som Møre Miljøfor på Åndalsnes står for. Dei andre kommunane vil vente på erfaringane frå Ålesund.

## **SLAM**

Det var ikkje tømerunde på slammet i 1997. Det er framleis uavklara på kva måte vi skal handsame dette slammet i framtida. Vi har krav på oss at frå 1/1-98 skal slammet handsamast slik at det kan nyttast, og i praksis vil dette tyde at vi frå sommar 98 må gjere noko meir med slammet enn den mellomlagringa vi har i dag.  
T.d. kan hjullastaren vi har investert i nyttast til å vende og blande ranker, men det igjen forutset ein eigna stad som er asfaltert. Eit alternativ er å nytte grovavfallsdeponiet i Alida til slamkompostering, men spørsmålet er om det framleis er varme i deponiet etter brannen. Alternative løysingar på trommelkompostering osv, vil resultere i investeringar på ca. 8-10 mill. kroner (tal frå SSR).

## **SPESIALAVFALL**

Ordninga med Skvett`n held fram, og fungerer noko lunde. Det syner seg at dei utplasserte konteinarane krev ein del vedlikehald, og det er spesielt dørene som er därleg festa. Vi må også «friske» opp avtalen med dei lokale mottaka (bensinstasjonane) for vi har eit inntrykk av at tilsynet med konteinarane er mangefullt.  
All handtering skjedde utandørs også i 1997, og ein ser fram til å få ta i bruk dei nye lokala i 1998.

## **PROSJEKTARBEID**

Avfallsplanarbeidet stod sentralt i 1997. Etter initiativ frå representantskapet vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe samansett av tekniske sjefar, miljøvernleiarar frå begge kommunar, ein representant frå representantskap og styre og ein frå administrasjonen i VØR som sekretær.  
Det vart gjennomført ein studietur til Trøndelag / Oppland for å sjå på ulike løysingar og organisering. (Det er utarbeidd ein eigen rapport frå denne reisa).

Målet til gruppa er å ha ein plan ferdig til politisk handsaming hausten 98.

Som nemnt tidlegare så har ein i samarbeid med Enøksenteret eit prosjekt for å vurdere lokal bruk av biobrensel i industrien. I første omgang skal ein kartlegge moglege mengder, avtakarar og tilgjengeleg teknologi. Ein reknar med ein konklusjon på dette forprosjektet før ferien 98.

## **PERSONALSTODA**

Personalsituasjonen i 1997 vart diverre prega av ei lei personalsak som på haustparten enda i rettsapparatet.  
Det vart svært mykje blest rundt den såkalla «mobbesaka» og både mediene, einskildpersonar og organisasjonar engasjerte seg sterkt.  
Saka enda i eit «forlik» på nyåret, og tilhøva har både roa og betra seg vesentleg.

Ein ser at ein framleis bør nytte meir tid på å betre dialogen internt i selskapet. Ikkje minst gjeld dette opp mot dei signala vi får frå kommunane om omorganisering av VØR osv. Dette er signal som fort kan føre til at dei tilsette føler jobben usikker, og det kan breie seg ein frustrasjon i gjengen.

Den nye sorteringshallen vil føre til ein del nye arbeidsoppgåver, og trong for noko meir arbeidskapasitet for å dekke opp dagar med langope.


Generelt så har dei tilsette synt god arbeidsvilje, og teke dei utfordringane som har

dukka opp. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærmare på bruken av overtid i samband med innsamlinga av papir.

## MENGDER


Den totale mengda som vart levert til Grautneset var i 1997 på 4710 tonn. Dette er ein auke på 7 % (306 tonn) i høve til året før. Utsortert grovavfall, dvs. flygeavfall som er utsortert av grovavfallet, utgjer 130 tonn av auken.

### FORBRENNING TOTAL MENGE




Av den totale mengda som er skissert over, utgjorde forretningsavfallet levert over vekt og det flygeavfallet som vart sortert ut av grovavfallet fylgjande mengder:

### LEVERT OVER VEKT




Papp og papir vert sortert ut av mengda til forbrenning. Mengdene her er stadig aukande, noko som neste biletet syner:

### PAPP OG PAPIR




Grovavfallet er ein fraksjon som det er mykje arbeid med. I 1997 vart alt grovavfallet køyrt til Alida (med unntak av perioden det brann), og neste biletet seier noko om mengdeutviklinga over tid.

### GROVAVFALL




Dette var dei store fraksjonane i mengde. I tillegg til desse handterer vi ulike typar avfall som går fram av dei neste bileta.


### GLAS



### BILBATTERI




### SPILLOLJE




## KJØLEMØBLAR

Vi leverte kjølemøblar dels til Vartdal Gjenvinning og dels til Norsk Gjenvinning Sunnmøre. Det kom nye forskrifter får 1/7-97, og vi leverte følgjande mengde til godkjent mottak:



## BILDEKK

Vi har i ein periode vore lokal mottakar av bildekk for Opal - retursystem. Det er Miljørens i Ålesund som er vår kontakt.  
Vi tok imot i 1997:



## REKNESKAPEN FOR 1997

Som det går fram av teksten over, så vart 1997 eit år med mange hendingar og drifta var dels svært provisorisk på enkelte område. Dette merkast også økonomisk, der vi fekk vesentleg større kostnader enn budsjettert. Årsoversikta syner at vi fjar hadde utgifter som langt oversteig det budsjetterte. Stikkorda her vert brann i Alida, advokathonorar, som langt leverte papir. Desse punkta representerer åleine auke i kostnader opp mot ein halv million kroner.

På inntektssida så fekk vi også inn meir enn budsjettert, og då særleg på usortert grovavfall. Denne posten (grovavfall) representerer ekstra inntekter i høve til budsjett på ca. 500.000,- kroner.

Totalt sett så vart resultatet for 1997 eit underskot på 87.125,- kroner. Resultatet vart altså ca. 196.000,- kroner därlegare enn budsjettert (budsjettert overskot på 109.000,- kroner).

Underskotet for 1997 utgjer omlag 0,67 % av det totale budsjettet.

Ein vil i åra som kjem ha ein stadig trongare økonomi pga dei investeringar som no er aktive kostnader i rekneskapen (ikkje lenger berre budsjetterte kostnader) og dei nye påleggja som kjem frå staten.

Mest truleg vil vi få vanskar med å få "forståing" for slike ekstra kostnader i kommunane, og vi må rekne med at det vil bli sett stadig større krav til effektiv drift og økonomiforvaltning i VØR.

Hovdebygda 13/4 1998

For styret i VØR  
Kjetil Årøen

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

MOTTEKE	
6 MAI 1998	
ARK.NR.	J.A.P.

Til Representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk  
6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING FOR 1997

Vi har revidert årsoppgjeret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1997. Årsoppgjeret som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisionsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisionsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønnsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret.

Årsrekneskapen syner eit årsunderskot på kr 87.125,- , gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Larsnes, 4. mai 1998

  
Jostein Støylen  
revisjonssjef

\*\*\*\*\*

**Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda**


<b>RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12</b>	<b>note</b>	<b>1997</b>	<b>1996</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekter av varer og tenester		13.548.410	14.008.855
Andre driftsinntekter		3.530	10.500
Sum driftsinntekter		<u>13.551.940</u>	<u>14.019.355</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Forbruk av selde varer		392.817	368.020
Personalkostnader		4.250.934	3.831.733
Driftskostnader		7.263.835	7.552.438
Ordinære avskrivningar	5	1.250.428	1.345.900
Tap på krav		6.524	0
Sum driftskostnader		<u>13.164.538</u>	<u>13.098.091</u>
Driftsresultat		<u>387.402</u>	<u>921.264</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		(61.070)	(32.523)
Rentekostnader		<u>535.597</u>	<u>553.540</u>
Netto finansinntekter		<u>474.527</u>	<u>521.017</u>
<b>Årets resultat</b>		<u>(87.125)</u>	<u>400.247</u>
<b>Oppskrivningar og overføringer</b>			
Tilført kapitalkonto / (Overført fra kapitalkonto)		<u>(87.125)</u>	<u>400.247</u>

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1997	1996
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>Omlaupsmiddel</b>			
Bank- og postgiroinnskot	1	3.164.474	202.038
Kundekrav	2	28.416	996.526
Andre kortsiktige krav	3	756.342	1.545.373
Lager av varer for sal	4	106.283	54.854
Sum omlaupsmiddel		<u>4.055.515</u>	<u>2.798.791</u>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Transportmiddel	5	1.775.748	2.235.068
Gravemaskin / Traktor	5	1.604.483	277.599
Komprimatorstasjon	5	3.933.605	4.236.190
Andre anlegg	5	982.258	946.443
Anlegg i arbeid	5	7.632.060	
Tomter	5	2.654.373	<u>2.654.373</u>
Sum anleggsmiddel		<u>18.582.527</u>	<u>10.349.673</u>
Sum eigneluter		<u>22.638.042</u>	<u>13.148.464</u>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørar		2.309.168	407.417
Kassakreditt		0	108.865
Skattetrekk og arbeidsgjevaravgift til Folketrygda		256.292	262.505
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		0	266.939
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		390.204	308.697
Anna kortsiktig gjeld		249.639	369.597
Sum kortsiktig gjeld		<u>3.205.303</u>	<u>1.724.020</u>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån		<u>17.313.571</u>	<u>9.218.150</u>
Sum langсiktig gjeld			<u>9.218.150</u>
<b>Eigenkapital</b>			
Eigenkapital		1.637.813	1.724.939
Fond til slamhandsaming		481.355	481.355
Sum eigenkapital		<u>2.119.168</u>	<u>2.206.294</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>22.638.042</u>	<u>13.148.464</u>
Trygd	6	<u>17.313.571</u>	<u>9.327.015</u>

Hovdebygda, den 27.03.1998


  
Geir Hole

  
Kjetil Årøen  
driftsleiar

  
Ove Opdal

  
Ingrid Opdal

  
Magnar Lid

  
Jorunn Austrheim

## **Volda / Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Høydebygda**

### **Notar til rekneskapen for 1997.**

#### **1) Bankinnskot.**

Av bankinnskota er kr. 113.097 bunde innskot for skattetrekk.

#### **2) Kundekrav.**

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

#### **3) Andre kortsiktige krav.**

Kr. 4.800 gjeld lån til tilsette og kr. 252.302 meirverdeavgift til gode. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane etc.

#### **4) Varelager.**

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

<b>5) Avskrivbare driftsmiddel</b>	Transport-utstyr:	Grave-maskin:	Traktor:	Komprimatorstasjon:	Sorterings-anlegg:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1997:	4.256.365	160.50	248.263	5.522.241	191.537	2.664.990
Tilgang 1997:	-	819.62	642.250	-	7.440.523	580.889
Avgang 1997:	157.854		-	-	-	1.526.560
Kostpris 31.12.1997:	4.098.511	980.12	890.513	5.522.241	7.632.060	1.719.319
Samla avskrivningar pr. 31.12.1997:	2.322.763	179.03	87.119	1.588.636	-	737.062
Bokført verdi 31.12.1997:	1.775.748	801.08	803.394	3.933.605	7.632.060	982.257
Avskrivningar i året:	459.320	72.69	62.290	302.585	-	353.538
Satsar nytta for lineær avskriving:	10 %	10 - 15%	10%	5,5 %	-	10 - 20 %

Kostpris "Andre anlegg" er minka med kr. 191.537 pr. 01.01.97. Ein har auka posten "Sorteringsanlegg" tilsvarande. Grovavfallshola i Alida er utrangert i 1997 og er difor ført som avgang i avskrivningstablået.

#### **6) Trygd for lån.**

Av selskapet si samla gjeld er kr. 17.313.571 sikra ved garantiar frå Volda og Ørsta kommunar.

#### **7) Pensjonsordning.**

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt ved pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei definert yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor. Den stettar kriteria for som er kalt ein "Multiemployer plan". I Samsvar med internasjonal praksis for slike Multiemployer-planar er den bokførte årlege pensjonskostnaden i 1997 lik påkome pensjonspremie. Attåt den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene fra 63 til 64 år, frå 01.03.98 for dei som er fylt 62 år og. Desse ytingane vert av partane i kommunal sektor å sjå på som mellombels i forma. Ein reknar med at desse vert endra i dei neste åra. Grunna dette er dei ikkje teke inn i tenestepensjonsordninga, men vert no dekt på "pay-as-you-go" basis ved ei utlikningsordning der alle arbeidsgjevarar betalar same tilskot i prosent av pensjonsgrunnlaget. Dei framtidige kostnadene til desse ytingane er behefta med særleg stor uvissé. For 1998 er kostnädane rekna til 0,35% av pensjonsgrunnlaget.

## **REKNESKAPEN FOR 1997**

Som det går fram av teksten over, så vart 1997 eit år med mange hendingar og drifta var dels svært provisorisk på enkelte område. Dette merkast også økonomisk, der vi fekk vesentleg større kostnader enn budsjettet. Årsoversikta syner at vi fjar hadde utgifter som langt oversteig det budsjettet. Stikkorda her vert brann i Alida, advokathonorar, pris på levert papir. Desse punkta representerer åleine kostnader opp mot ein halv million kroner.

På inntektssida så fekk vi også inn meir enn budsjettet, og då særleg på usortert grovavfall. Denne posten åleine representerer ekstra inntekter i høve til budsjett på ca. 500.000,- kroner.

Totalt sett så vart resultatet for 1997 eit underskot på 87.125,- kroner. Resultatet vart altså ca. 196.000,- kroner dårligare enn budsjettet (budsjettet overskot på 109.000,- kroner). Underskotet for 1997 utgjer omlag 0,67 % av det totale budsjettet.

**Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda**

<b>RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12</b>	<b>note</b>	<b>1997</b>	<b>1996</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekter av varer og tenester		13.548.410	14.008.855
Andre driftsinntekter		3.530	10.500
Sum driftsinntekter		<u>13.551.940</u>	<u>14.019.355</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Forbruk av selde varer		392.817	368.020
Personalkostnader		4.250.934	3.831.733
Driftskostnader		7.263.835	7.552.438
Ordinære avskrivningar	5	1.250.428	1.345.900
Tap på krav		6.524	0
Sum driftskostnader		<u>13.164.538</u>	<u>13.098.091</u>
Driftsresultat		<u>387.402</u>	<u>921.264</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		(61.070)	(32.523)
Rentekostnader		535.597	553.540
Netto finansinntekter		<u>474.527</u>	<u>521.017</u>
<b>Årets resultat</b>		<u>(87.125)</u>	<u>400.247</u>
<b>Oppskrivningar og overføringer</b>			
Tilført kapitalkonto / (Overført frå kapitalkonto)		<u>(87.125)</u>	<u>400.247</u>

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1997	1996
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>Omlaupsmiddel</b>			
Bank- og postgiroinnskot	1	3.164.474	202.038
Kundekrav	2	28.416	996.526
Andre kortsiktige krav	3	756.342	1.545.373
Lager av varer for sal	4	106.283	54.854
Sum omlaupsmiddel		<u>4.055.515</u>	<u>2.798.791</u>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Transportmiddel	5	1.775.748	2.235.068
Gravemaskin / Traktor	5	1.604.483	277.599
Komprimatorstasjon	5	3.933.605	4.236.190
Andre anlegg	5	982.258	946.443
Anlegg i arbeid	5	7.632.060	
Tomter	5	2.654.373	<u>2.654.373</u>
Sum anleggsmiddel		<u>18.582.527</u>	<u>10.349.673</u>
Sum eigneluter		<u>22.638.042</u>	<u>13.148.464</u>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørar		2.309.168	407.417
Kassakreditt		0	108.865
Skattetrekk og arbeidsgjevaravgift til Folketrygda		256.292	262.505
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		0	266.939
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		390.204	308.697
Anna kortsiktig gjeld		249.639	369.597
Sum kortsiktig gjeld		<u>3.205.303</u>	<u>1.724.020</u>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån		<u>17.313.571</u>	<u>9.218.150</u>
Sum langсiktig gjeld			<u>9.218.150</u>
<b>Eigenkapital</b>			
Eigenkapital		1.637.813	1.724.939
Fond til slamhandsaming		481.355	<u>481.355</u>
Sum eigenkapital		<u>2.119.168</u>	<u>2.206.294</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>22.638.042</u>	<u>13.148.464</u>
Trygd	6	<u>17.313.571</u>	<u>9.327.015</u>

Hovdebygda, den 27.03.1998

Geir Hole  
Geir Hole

Ove Lid  
Ove Lid

Magnar Lid  
Magnar Lid

Kjetil Årøen  
driftsleiar

Ingrid Opdal  
Ingrid Opdal

Jorunn Austrheim  
Jorunn Austrheim

## Volda / Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

### Notar til rekneskapen for 1997.

#### 1) Bankinnskot.

Av bankinnskota er kr. 113.097 bunde innskot for skattetrekk.

#### 2) Kundekrav.

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

#### 3) Andre kortsiktige krav.

Kr. 4.800 gjeld lån til tilsette og kr. 252.302 meirverdeavgift til gode. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane etc.

#### 4) Varelager.

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

5) Avskrivbare driftsmiddel	Transport-utstyr:	Grave-maskin:	Traktor:	Komprimatorstasjon:	Sorteringsanlegg:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1997:	4.256.365	160.50	248.263	5.522.241	191.537	2.664.990
Tilgang 1997:	-	819.62	642.250	-	7.440.523	580.889
Avgang 1997:	157.854		-	-	-	1.526.560
Kostpris 31.12.1997:	4.098.511	980.12	890.513	5.522.241	7.632.060	1.719.319
Samla avskrivningar pr. 31.12.1997:	2.322.763	179.03	87.119	1.588.636	-	737.062
Bokført verdi 31.12.1997:	1.775.748	801.08	803.394	3.933.605	7.632.060	982.257
Avskrivningar i året:	459.320	72.69	62.290	302.585	-	353.538
Satsar nytta for lineær avskriving:	10 %	10 – 15%	10%	5,5 %	-	10 - 20 %

Kostpris "Andre anlegg" er minka med kr. 191.537 pr. 01.01.97. Ein har auka posten "Sorteringsanlegg" tilsvarande. Grovavfallshola i Alida er utrangert i 1997 og er difor ført som avgang i avskrivningstablået.

#### 6) Trygd for lån.

Av selskapet si samla gjeld er kr. 17.313.571 sikra ved garantiar frå Volda og Ørsta kommunar.

#### 7) Pensjonsordning.

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt ved pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei definert yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor. Den stettar kriteria for som er kalt ein "Multiemployer plan". I Samsvar med internasjonal praksis for slike Multiemployer-planar er den bokførte årlege pensjonskostnaden i 1997 lik påkome pensjonspremie. Attåt den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene fra 63 til 64 år, frå 01.03.98 for dei som er fylt 62 år og. Desse ytingane vert av partane i kommunal sektor å sjå på som mellombels i forma. Ein reknar med at desse vert endra i dei neste åra. Grunna dette er dei ikkje teke inn i tenestepensjonsordninga, men vert no dekt på "pay-as-you-go" basis ved ei utlikningsordning der alle arbeidsgjevarar betalar same tilskot i prosent av pensjonsgrunnlaget. Dei framtidige kostnadane til desse ytingane er behefta med særleg stor uvisse. For 1998 er kostnadane rekna til 0,35% av pensjonsgrunnlaget.

## ÅRSMELDING 1997

### INNLEIING

1997 vart eit svært innhaldsrikt år (på godt og vondt) i VØR. Vi kom endeleg i gang med bygging av den lenge planlagde sorteringshallen, vi opplevde brann i Alida og vi fekk svært mykje offentleg fokusering rundt ei lei personalsak. Trass dette så vart 1997 eit forholdsvis bra arbeidsår, men ein del uforutsette kostnader førte til at økonomine i selskapet vart sett på prøve.

### AKTIVITETEN I VØR

#### Hushaldnings- /forretningsavfall

Innsamlinga av avfall frå hushaldningane og næringsdrivande har gått svært bra. Vi har stadig auke i levert mengde, men trass stor aktivitet, der vi kører snart alle småvegar i begge kommunar, så har vi gått nærmast skadefri gjennom året.

Det har vore lite endring i rutinene i innsamlinga, der vi framleis nytta ein todelt bil til innsamling av papiret. Reint økonomisk er dette ein god ordning, men ein må sjå nærmere på tidsbruken med tanke på den overtida ein har på desse papirrutene. Dagane for dei tilsette er vanskelege å planleggje, då t.d. vær og vind kan skape veldig mykje ekstraarbeid når "blåsekkane" skal leggast tilbake og sikrast. I fellesmøte hausten 97 vart ein samde om å nærare på kva som kan gjerast for å redusere overtida på papirinnsamlinga.

Når det gjeld forretningar så arbeider vi framleis med å få flest mogleg til å nytte dunkar. Spesielt gjeld dette institusjonar som har mykje tungt kjøkken- og sanitæravfall.

### PAPP OG PAPIR

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går stort sett greitt. Tømming av papirsekker er tungt arbeid, og vi må sjå på løysingar der vi slepp å stå og riste sekkane tome. Eit alternativ er å nytte papirsekker (12 stk pr husstand pr år), men dette vil føre til ein årleg kostnad på ca. 120.000,- kroner i ekstra sekkeinkkjøp. Spørsmålet vert då om det å nytte papireskkar kan redusere bruken av overtid, og dermed sparte kostnader. Dette må vurderast nærmere, og kanskje i samband med avfallsplanarbeidet.

Vi har framleis eit samarbeid med Norsk Gjenvinning Sunnmøre der vi kører inn papp og papir frå dei fleste næringar i Ørsta og . Dette samarbeidet har vore noko turbulent, då NGS har påstått at VØR øydelegg for deira "varemerke". Dette er noko vi tek sterkt avstand frå, og det har vi gitt klar tilbakemelding om. NGS fekk ny leiing i 97, og samarbeidsklimaet er no eit heilt anna.

VØR har skrive ein fastpriskontrakt med NGS på denne inntransporten. Denne baserer seg på at vi nytta vanleg renovasjonsbil i innsamlinga, men vogntog frå omlastinga i Hovdebygda og til mottakar. På den måten kører vi 12-16 tonn pr tur i staden for 4-5 tonn som vi fekk i våre eigne bilar.

Når det gjeld mengder syner eg til eige kapittel.

### GLASINNSAMLING

Vi har ikkje auka talet på oppsamlingseiningar i 1997. Dersom dette vart gjort ville vi nok ha fått inn noko meir glas, men dette er eit reknestykke opp mot kostnader på inntransporten.

Alt glas går til Norsk Returglass i Moss, og vi har fått godkjent alt vi levert bortsett frå ein konteinrar med farga glas som kom i retur. Dette skuldast at det vart nytta hjullastar / sorteringsmaskin til å laste om glaset med, og dette førte til for mykje stein i lasset (dette er ikkje noko problem lenger etter at ein fekk sorteringshallen på plass).

## KVITEVARER

Nye forskrifter for kjølemøblar førte til omlegging av rutinene for desse. Tidlegare har alle kjølemøblar gått saman med resten av kvitevarene til Vartdal gjenvinning for pressing saman med bilvrak.

Endringa i forskriftene resulterte i at vi halve året leverte kjølemøblar til Norsk Gjenvinning Sunnmøre. Dei tek ein pris på 309,- kroner pr stk, og dette førte til ein god del ekstra kostnader som ikkje var budsjetterte i 1997. (For 1998 ligg desse kostnadene inne som ein del av hushaldningsgebyret)

Vi må arbeide vidare med å få til eit meir permanent mottak i form av ein lukke konteinrar eller liknande, der vi kan mellomlagre kjølemøblane. Det er stipulert om lag 600 stk 1998.

## GROVAVFALL

VØR handterte svært mykje grovavfall i 1997. Det meste vart sortert ute på området, og kombinert med fri levering vart dette ei svært arbeidskrevjande ordning. Det vart levert avfall kvar dag i veka og til alle tider på døgnet. Like mange var her å leita, og kombinasjonen av dette førte til at området mot Ørsta diverre såg ut som ei slagmark mykje av 1997.

Bygginga av det lenge planlagde sorteringsanlegget kom i gang på sommaren, og all anleggdrift i tillegg gjorde ikkje forholda betre.

Vi fekk i april / mai levert ein ny 13-tonns beltemaskin med klo på, og ein hjullastar. Dette er svært effektive maskiner, som er ei forutsetning for å kunne grovsortere avfallet og handtere store konteinrarar.

Løysingane på grovavfallet vart altså svært provisoriske i 1997, og dermed kostbar drift.

Trass dette så har publikum teke vel imot det å kunne leve fritt, og vi har oppnått det vi ynskte: vi har fått snudd avfallsstraumen frå Alida til Hovdebygda.

Sorteringshallen stod ferdig på nyåret 1998, og er ei sak for neste års årsmelding. Ein må likevel nemne at hallen er ein aldri så liten revolusjon for VØR, og han er godt motteken av publikum. Diverre så vart tomtekostnadane vesentleg større enn budsjettet, og vi må til kommunane for å få auka investeringsrammene.

Drifta av Alida gjekk på dispensasjon dette året. Pga at sorteringsstasjonen vart noko forseinka, fekk vi utvida denne dispensasjonen til å gjelde ut februar månad 1998.

Den store hendinga i Alida i år var at det tok fyr i fyllinga i fellesferien. Mest truleg var det sjølvtenning i trevirke som starta brannen, og det heile utvikla seg til å bli ein storbrann med spreiing til fjellsida ovanfor.

Brannvernet både i Ørsta og Volda var på plass med alt disponibelt utstyr, og i tillegg kom sivilforsvaret med pumper og mannskap.

Det vart rekvirert helikopter for å sløkke lyngbrannen i fjellsida, men pga stor røykutvikling frå fyllinga så vart det problematisk å sløkke. I følgje piloten så var dette det verste terrenget han hadde sløkt i.

I løpet av den første natta vart det pumpa inn nær 2 m<sup>3</sup> vatn pr minutt. Dette hadde svært liten effekt direkte, for vatnet rann av fyllinga utan å trenge ned til flammane. Vatnen samla seg etterkvart i ein liten innsjø, og det som "berga" oss var at firmaet Aurstad på kort varsel stilte med ein 30-tonn stor gravemaskin. Denne maskinen grov seg inn frå enden av fyllinga og auste vatn over brennande tre og stål.

I tillegg til dette var vår eigen hjullastar i aktivitet heile natta med å legge masse over fyllinga for å dempe stikkflammar og spreiling.

Eit nytt problem oppstod då det tok fyr i fleire hundre dekk, og fo å gjere ei lang historie kort så brann det i desse dekka i tre månader, for så å sjå sløkt ut i to månader. På nyåret var det på ny varmeutvikling, men då frå fyllinga under dekka, og pr i dag (31.3.98) har vi framleis mistanke om at det er varme nede i den eldste delen av fyllinga.

Heile operasjonen med maskinleige, ettersløkking, vaktberedskap og i tillegg levering av grovavfall til Ålesund i perioden det var aktiv brann vart svært kostbart for VØR. Dette er hovudårsaka til at vi ikkje klarte det budsjetterte resultatet for 1997. Meir om dette i kommentaren til rekneskapen.

Vi fekk før jul bora eit hol gjennom vegen for å sikre drenering frå hola. Etterbruken av Alida, og korleis slutte av fyllinga må no drøftast.

Etter oppmoding frå kommunane har vi teke kontakt med Enøksentert i Ørsta for vurdering om mogleg bruk av biobrensel i Ørsta og Volda. Trevirke frå grovavfallet og skogbruk kan kanskje nyttast til brensel i industrien, og det har meldt seg bedrifter som er villege til å erstatte olje med flis dersom ein finn det økonomisk gjennomførbart. Ein reknar med konklusjon i prosjektet før ferien 98.

## MATAVFALL

Utnytting av det våtorganiske avfallet er framleis ei stor utfordring. Prosjektet som vi har gjennomført, der vi vurderte ei anaerob løysing, ligg framleis på is.

Det har vore drøfta på fylkesplan om å utvide forbrenningsanlegget i Ålesund til å dekke heile fylket, og då fortsette å brenne matavfallet. Konklusjonen her vart at kommunane i Romsdal og Nordmøre ikkje er interessert i ei slik løysing.

VØR har ikkje problemet med matavfall på fylling, og anlegget i Ålesund reinsar godt. Det som ein bør drøfte vidare er om det er ynskjeleg politikk å brenne den resursen matavfallet kan vere ved rett handsaming.

Når det gjeld matavfall frå storhushald så har Ålesund forbrenningsanlegg fått forbod mot å brenne dette så snart som det er innarbeidd ei innsamlingsordning på Sunnmøre. Det har vore arbeidd ein del med dette i ei arbeidsgruppe oppnemnt av Fylkesmannen, og førebels konklusjon der er at Ålesund kommune prøver ei ordning som Møre Miljøfor på Åndalsnes står for. Dei andre kommunane vil vente på erfaringane frå Ålesund.

## SLAM

Det var ikkje tømerunde på slammet i 1997. Det er framleis uavklara på kva måte vi skal handsame dette slammet i framtida. Vi har krav på oss at frå 1/1-98 skal slammet handsamast slik at det kan nyttast, og i praksis vil dette tyde at vi frå sommar 98 må gjere noko meir med slammet enn den mellomlagringa vi har i dag.

T.d. kan hjullastaren vi har investert i nyttast til å vende og blande ranker, men det igjen forutset ein eigna stad som er asfaltert. Eit alternativ er å nytte grovavfallsdeponiet i Alida til slamkompostering, men spørsmålet er om det framleis er varme i deponiet etter brannen.

Alternative løysingar på trommelkompostering osv, vil resultere i investeringar på ca. 8-10 mill. kroner (tal frå SSR).

## SPESIALAVFALL

Ordninga med Skvett'n held fram, og fungerer noko lunde. Det syner seg at dei utplasserte konteinrarane krev ein del vedlikehald, og det er spesielt dørene som er dårlig festa. Vi må også «friske» opp avtalen med dei lokale mottaka (bensinstasjonane) for vi har eit inntrykk av at tilsynet med konteinrarane er mangefullt.

All handtering skjedde utandørs også i 1997, og ein ser fram til å få ta i bruk dei nye lokala i 1998.

## PROSJEKTARBEID

Avfallsplanarbeidet stod sentralt i 1997. Etter initiativ frå representantskapet vart det vart oppnemnt ei arbeidsgruppe samansett av tekniske sjefar, miljøvernleiarar frå begge kommunar, ein frå representantskap og styre og ein frå administrasjonen i VØR som sekretær. Det vart gjennomført ein studietur til Trøndelag / Oppland for å sjå på ulike løysingar og organisering. (Det er utarbeidd ein eigen rapport frå denne reisa).

Målet til gruppa er å ha ein plan ferdig til politisk handsaming hausten 98.

Som nemnt tidlegare så har ein i samarbeid med Enøksenteret eit prosjekt for å vurdere lokal bruk av biobrensel i industrien. I første omgang skal ein kartlegge moglege mengder, avtakarar og tilgjengeleg teknologi. Ein reknar med ein konklusjon på dette forprosjektet før ferien 98.

## PERSONALSTODA

Personalsituasjonen i 1997 vart diverre prega av ei lei personalsak som på haustparten enda i rettsapparatet.

Det vart svært mykje blest rundt den såkalla «mobbesaka» og både mediene, einskildpersonar og organisasjonar engasjerte seg sterkt.

Saka enda i eit «forlik» på nyåret, og tilhøva har både roa og betra seg vesentleg.

Ein ser at ein framleis bør nytte meir tid på å betre dialogen internt i selskapet. Ikkje minst gjeld dette opp mot dei signala vi får frå kommunane om omorganisering av VØR osv. Dette er signal som fort kan føre til at dei tilsette føler jobben usikker, og det kan breie seg ein

frustrasjon i gjengen.


Den nye sorteringshallen vil føre til ein del nye arbeidsoppgåver, og trong for noko meir arbeidskapasitet for å dekke opp dagar med langope.

Generelt så har dei tilsette synt god arbeidsvilje, og teke dei utfordringar som måtte dukke opp utan dei store diskusjonane. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærmare på bruken av overtid i samband med innsamlinga av papir.

## MENGDER


Den totale mengda som vart levert til Grautneset var i 1997 på 4710 tonn. Dette er ein auke på 7 % (306 tonn) i høve til året før. Utsortert grovavfall, dvs. flygeavfall som er utsortert av grovavfallet, utgjer 130 tonn av auken.

### FORBRENNING TOTAL MENGE




Av den totale mengda som er skissert over, utgjorde forretningsavfallet levert over vekt og det flygeavfallet som vart sortert ut av grovavfallet fylgjande mengder:

### LEVERT OVER VEKT




Papp og papir vert sortert ut av mengda til forbrenning. Mengdene her er stadig aukande, noko som neste biletet syner:

## PAPP OG PAPIR




Grovavfallet er ein fraksjon som det er mykje arbeid med. I 1997 vart alt grovavfallet køyrt til Alida (med unntak av perioden det brann), og neste biletet seier noko om mengdeutviklinga over tid.

## GROVAVFALL




Dette var dei store fraksjonane i mengde. I tillegg til desse handterer vi ulike typar avfall som går fram av nei neste biletet.


### SPILLOLJE



### BILBATTERI




### GLAS



## KJØLEMØBLAR


Vi leverte kjølemøblar dels til Vartdal Gjenvinning og dels til Norsk Gjenvinning Sunnmøre. Det kom nye forskrifter får 1/7-97, og vi leverte fylgjande mengde til godkjent mottak:




## BILDEKK

Vi har i ein periode vore lokal mottakar av bildekk for Opal - retursystem. Det er Miljørens i Ålesund som er vår kontakt.

Vi tok imot i 1997:



# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON



Til Representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk  
6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING FOR 1997


Vi har revidert årsoppgjøret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1997. Årsoppgjøret som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjør, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønnsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjøret.

Årsrekneskapen syner eit årsunderskot på kr 87.125,- , gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Larsnes, 4. mai 1998



Jostein Støylen  
revisjonssjef

\*\*\*\*\*

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal  
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta